



Dagfinn Mehl, Paul Arne Ljosnes og Magne Wollheim junior vann lagkonkurransen på heimebane. (Foto: Kvinnheringen)

Uskedelingen Paul Are Ljosnes var med på vinnarlaget då Omvikkaldalen skyttarlag søndag vann lagkonkurransen under samlagsmeisterskapen i baneskyting på Midthølen skytesenter

Han fekk 95 poeng medan dei andre på laget var Dagfinn Mehl med 93 poeng og Magne Wollheim junior som ankermann også med 95 poeng, melder Kvinnheringen.

Trioen var svært nøgde med innsatsen og stolte over å få det til når ein i tillegg er fullt opptekne med dugnad for å få arrangementet til å gå knirkefritt.

Dag Arne Matre frå Sandeid vart samlagsmeister med 340 poeng.